



Solnedgang på toppen ca 23.30. Storslått utsikt med det store kraftmagasinet Nesjøen – Esandsjøen i vest. Syltjøna nede t.v. Foto: Sveinung Klyve

MIDTSOMMARNATT PÅ STORSYLEN

Av Sveinung Klyve

Det er i byrjinga av juli og klokka er 03.20 på natta. Ei svak morgonsol klatrar over fjella i nord og fargar fjella raude omkring oss. Me har overnatta på Storsylen, 1762 m.o.h., og har ei fantastisk utsikt omkring oss innover Norge og Sverige.

Innover flate myrer

Det er ettermiddag når me 3 personar legg turen frå parkeringsplassen ved Nedalshytta innover merka sti i Sylan. Sylmassivet ser me i det fjerne som ein vulkan som stikk opp frå den flate vidda omkring. I vest har me heile tida utsikt mot den store kraftdammen Nesjøen-Esandsjøen, som samla er ca 20 km lang. Veret er bra og me går i shorts, men i vest over Storerikvollen er himmelen svart og det går eit kraftig torever med hagl og regn.

Me slepp unna styggeveret med nokon kraftige vindkast, før det heile er over og sola skin frå blå himmel att. Det er frodig innover det myrete landskapet og litt vått, men ikkje verre enn at fjellsko går bra. Etter eit par timar kjem me inn i botnen og har Syltjøna som ein juvél i landskapet innanfor oss. Ein flokk på 20 fiskemåsar varslar oss velkommen og fortel at her bur dei med sine ungar, sjølv om det er i høgjellet. Her er det tydeleg kalkfjell, for naturen sin eigen botaniske fjellhage opnar seg for oss som om me var på Dovrefjell. Det er fjellsmelle, reinrose, moselyng, rødsilde, fjellfiol osv. Eit par snøfonner må kryssast for me er nede ved tjørna og frodig tuemark og elv vidare innover.

Her vert det pause med middag i finveret og studering av ruta mot Syltjøna. Syltjøna ligg på 1060 moh. og det er 700 meter opp på toppen.

Opp på Storsylen i solnedgang

Me går på raudmerka sti i over ein time i bratt terreng med ur og stein før me er på bandet under Storsylen. Ein flokk med reinsdyr er å sjå i ura eit stykke unna nede i bakken. Ein flokk på 25 fjellryper kaklar når dei flyg opp og gjer den mørke fjellsida kvitspraglete av baksande venger.


På baksida er det stupbratt rett ned på ein bre med fjellmassivet omkring. Mørke skyer trugar oss og det bles kraftig før regnet kjem – vert det torever, eller ... ? Me tek ingen sjanse og lagar ein gapahuk med 2 jervendukar inntil ein liten fjellrygg ca 50 høgdemeter under toppen. Her kryp me ned i ein varm sovepose under tak medan regnet piskar over oss.

Klokka er ca 22 og det er alle typar ver samstundes. Sola skin stemingsfullt inn i regnet og lagar regnboge over oss. Berit og Jan som er med på turen, tek fram sin mini to-radar og munnspele og spelar nokre låtar til denne flotte solnedgangen. Fjellet rundt oss vert farga raudleg og gyllent av sola gjennom regnet. Byga er snart over og ca kl 23.15 går me opp mot toppen. Me passerer grenserøys 155 B, som fortel at me verkeleg er på eggen mellom Norge og Sverige. Sola vert meir og meir raud og sig ned mot horisonten under ein «kjem-



Berit Bøysen og Jan Krogstad tek fram sin mini to-radar og munnspele og tek nokre fjelltonar i storslått utsikt her i grensefjella. Litlsylen i bakgrunnen. Foto: Sveinung Klyve

pestor lettskya himmel». Frå toppen er utsikta formidabel. Rundt oss ser me flate vidder og små toppar som stikk opp. Me ser heile Nesjøen-Esandsjøen nedunder oss i vest og Sylsjøen i sør. I aust ligg den svenske storhytta «Sylstationen» ca 700 m under oss. Der renn eit flott elvemeander like forbi. Me skriv oss inn i både norsk og svensk bok, slik som dei 3 som var der før på dagen gjorde. Dei kom frå svensk side.



Frå toppen av Storsylen mot øst. Framme Sylryggen. Bake skodda ligg som ein graut i dalen og vert kløyvd av toppeggen. Foto: Sveinung Klyve

Sola gryr

Me søv eit par timar i gapahuken. Det bles godt frå øst, veret klarnar opp og himmelen er blå. Det er ikkje mørkt, men litt skymt i den flotte trøndernatta. Ei rosa stripe teiknar seg på himmelen der sola går sin veg under horisonten. Små kvidder frå snøspurven vekkjer oss like før kl 3 og fortel at sola no er på veg. Me kikkar ut frå jervenduken vår og ser sola krypa over horisonten kl 3.20. Ho stig fort og snart badar me i flott morgonsol som varmar. Me tek enno ein tur opp på toppvarden og nyter utsikta. Skyer driv frå dalen i aust som ein levande vulkan som kokar og dampar. Den lyse kvite skodda legg seg på begge sider og bryt Syleggen som ein knivsegg idet dei forsvinn raskt forbi i vinden. Me forlet toppen for andre gong. Klokka er 5 og me fyrer opp primusen og får nykokt kaffi, suppe og tjukke skiver med masse pålegg på. Jan og Berit tek fram att sin mini to-radar og



Berit Bøysen og Jan Krogstad kikar ut or gapahuken kl 4 etter ei kort natt. Toppen av Storsylen bak dei. Foto: Sveinung Klyve



Soloppgang over Storsylen kl 03.30. Fjellet er raudfarga og varmt der den lyse natta går mot dag. Foto: Sveinung Klyve

munnspel og tek nokre fjelltonar i storslått utsikt her i grensefjella.

Me pakkar sekken og går ned att i 7-tida om morgonen. Skodda legg seg då ned på toppen og over oss. Me vandrar ned att i bratt ur og fylgjer merkinga. Vel nede att ved Syltjønnå er me moe i beina etter den bratte unnabakken. Når me når Nedalshytta nokre timar seinare, har Sylmassivet hatten på og er innhilla av regn og tåke. Me fekk ein stemningsfull tur i eit døger med solgløtt mellom to låge lågtrykk i den lyse trønderske sommaren.

På veg innover opnar Syltoppen seg bak til høgre seg med Syltjønnå som ein juvel nedunder. Foto: Sveinung Klyve

Fakta om Sylan

Sylan er eit fjellområde på grensa mot Sverige som på norsk side strekkjer seg frå Røros i sør til Meråker i nord og meir enn 5 mil framover til Selbu og Haltdalen i vest og enno lengre østover inn i Sverige.

Området har store vidder, men innimellom stikk fjelltoppar høgt til vers med Sylmassivet som det mest majestetiske. Sylan er flatt og lettgått med ca 30 overnattingshytter og god merking på begge sider av grensa. Der er kalkgrunn med frodig botanikk og mange store og små fiskevatn.

For å nå Sylmassivet raskt frå norsk side er det lurast å ta ut frå Nedalshytta. Nedalshytta er Trondhjems Turistforenings (TT) hytte og ligg på 800 m.o.h.

Køyring med bil: Trondheim – Stjørdal – Selbu – Tydalen – Nedalshytta, ca 2,5 timar
Gangtid Nedalshytta – Syltjønnå, ca 1,5 t
Meir informasjon på TT sine nettsider: www.tt.no og TTs bok «Sylene og Trollheimen».